

Retningslinjer for forvaltning av viltfondet i Stad kommune

Fastsett av kommunestyret den 12. mai 2022, sak 22/062.

I: Generelt

§ 1-1 Rammer for retningslinjene

Stad kommune sine retningslinjer for forvaltning av viltfondet er sett opp innafor rammene gjeve i «forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort».

§ 1-2 Fondsstyre

Fondsstyre for viltfondet i Stad kommune er Utval for areal og eigedom (heretter kalla UAE).

II: Inntekter

§ 2-1 Viltfondet sine inntekter

Inntekter til fondet blir rekna som:

1. Offentleg fellingsavgift for hjort fastsett av kommunen etter § 6 i forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Stad kommune skal nytte dei maksimale satsane for fellingsavgifter fastsett av Miljødirektoratet for vaksen hjort (1,5 år og eldre). For kalv blir det rekna kvart fellingsavgift.
2. Tilskot frå det statlege viltfondet og årlege tilskot frå Statsforvaltaren til viltforvaltninga i kommunen.
3. Renteinntekter av inneståande fondskapital.
4. Inntekter frå omsetning av ulovleg felt vilt, fallvilt av hjortevilt og hjortevilt som blir felt etter vedtak i medhald av § 18 i naturmangfaldslova. Ved omsetning av slikt hjortevilt er prisen kr 85,- per kilo pluss mva. rekna i 2021-kroner. Prisen kan regulerast kvart år etter konsumprisindeksen. Utgangspunktet for reguleringa er indeksen den 15. januar 2021.

III: Utgifter

§ 3-1 Utgifter som kan dekkast av viltfondet

Fondet kan brukast til:

1. Styrke kunnskapen om viltet og tiltak for å fremje god viltforvaltning, her under:
 - Kjøp av avtalar om årleg fagleg bistand til kommunen.
 - Kostnad med fagmøte.
 - Generell viltkartlegging i regi av kompetente organisasjonar.
 - Tilskot til forskingsprosjekt om hjorten med relevans for Stad kommune.
 - Deltaking i interkommunale prosjekt for å heve kunnskapsnivået og tek sikte på å gje betre grunnlag for viltforvaltninga.
 - Tilskot til prosjekt og kurs i regi av lag og organisasjonar som arbeider for å fremje kunnskapen om vilt, jakt og god viltforvaltning.
 - Kostnad knytt til generell kunnskapsformidling om vilt og viltforvaltning.
 - Tilskot til andre tiltak som er eigna til å heve den generelle jeger- og jaktkompetansen.
 - Tilskot til og honorering av vald (større enn 20 x minstearealet) med bestandsplan som medverkar til innsamling av data til bruk i hjorteforvaltninga etter desse reglane:
 - Sett hjort for 100 % av jaktfelte i valdet: 5 % av fellingsavgifta.

- 100 % av dei felte dyra er registrert med informasjon under «felt hjort»: 5 % av fellingsavgifta.
 - Vårteljing i 80 % av alle jaktfelt i valdet: 5 % av fellingsavgifta
2. Jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen sjølv:
- Tilskot til vald som utarbeider bestandsplan for forvaltning av hjort. Tilskotet skal kunne dekkje utgifter til ekstern kompetanse, møteutgifter i planarbeidet, og kontorutgifter til planproduksjonen. Tilskot kan òg gjevast ved fornying av bestandsplanar.
 - Årlege tilskot til drift av vald (større enn 20 x minstearealet) med bestandsbasert hjorteforvaltning med inntil 20 % av innbetalt fellingsavgift frå valdet. Tilskotet kan utbetalast når valdet legg fram rekneskap for siste år og budsjett for komande år innan 1. mai.
 - Tilskot til eller honorar for tiltak i område med bestandsplan som har til føremål å heve eigen kompetanse innan hjorteforvaltninga.
3. Dekke kommunen sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen:
- Viltfondet skal dekkje kommunen sine reelle utgifter til ettersøk og handtering av alle typar skadd vilt og fallvilt i samsvar med gjeldande forskrift. Dette har prioritet framfor andre tiltak.
 - Viltfondet kan vidare gje tilskot til viltgjerde, skogrydding og andre tiltak i område med vesentleg risiko for kollisjonar mellom bil og hjort.
4. Tilskot til tiltak for å førebyggje skader på landbruksnæring gjort av hjortevilt. Etter søknad kan det gjevast tilskot til å førebyggje skade på jordbruksvekstar som frukt og bær, grønsaker m.m. og grasavling i spesielt utsette område. Tilskotssats vert vurdert i kvart einskilde tilfelle:
- Til permanente gjerder kring innmark kan det gjevast tilskot på inntil 25 % av dokumenterte kostnader med eit tak på kr 25 000,- eksl. mva. per tiltak.
 - Til inngjerding av rundballar, kan det gjevast tilskot på inntil 15 % av dokumenterte kostnader per tiltak.
 - Andre tiltak vurderast individuelt, og det kan gjevast tilskot på inntil 50 % av dokumenterte kostnader.

Tilskotet kan gjevast til inngjerding eller til faste innretningar som tek sikte på å avskrekke eller skremme hjorten vekk frå skadeområdet. Føresetnaden for å gje tilskot er at tilhøyrande jaktvald forvaltar hjorten på ein måte som ikkje gjev stort skadepress, eller at skadelidne sjølv ikkje har noko å seie i forvaltninga av hjortestammen i området. Arealet som blir omsøkt må vere i aktiv drift (dvs. søkje om produksjonstilskot). Søknad må leverast same år som tiltaket er sett i verk eller er tenkt sett i verk.

IV: Delegasjon og iverksetjing

§ 4-1 Delegasjon

Forvaltning av viltfondet er lagt til kommunedirektøren. Søknader om tilskot på kr 20 000,- eller meir, eller til tiltak som ikkje klart går fram av retningslinjene, skal likevel behandlast av Fondstyret.

§ 4-2 Iverksettjing

Retningslinjene gjeld i Stad kommune frå 12. mai 2022.

Frå same dato blir retningslinjer for forvaltning av viltfondet i Eid kommune vedtekne av kommunestyret den 26. april 2018, oppheva.